



Solholmen Invest AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2517 - 23/35281

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
06.05.2023

Stadfestar mottatt klage og vurdering av klagefrist - gbnr 135/1 Solholmen

Tiltak: Flytebrygge, treplattning og telt
Byggjestad: Gbnr: 135/1
Tiltakshavar: Solholmen Invest AS
Ansvarleg søkjar: Majo Eigedom AS

Vi stadfestar å ha mottatt dykkar klage, datert 08.02.2023, på avslag på søknad om dispensasjon og rammeløyve for legalisering av terrasse og gapahuk/bod samt klage på delvis dispensasjon og rammeløyve for legalisering av flytebryggje- gbnr 135/1 Solholmen.

Saksbehandlar for saka om ulovlege tilhøve på eigedomen opplys den 09.03.2023 at det har vore kontakt med Solholmen Invest AS om klagen.

Det er to vedtak i saka, som begge er datert 16.03.2022, som klagen omhandlar:

1. vedtak: Avslag på søknad om dispensasjon og rammeløyve for terrasse og gapahuk/bod er påklaga sin heilskap.
2. vedtak: Dispensasjon og rammeløyve for etablering av flytebrygge og terrasse knytt til fritidsbustad er delvis påklaga i høve delvis legalisering av flytebrygga.

Det er gjeve fritak frå kommunen for nabovarsling av søknaden.

Saka om ulovlege tilhøve på eigedomen har saknr. 20/15285. Siste skriv frå kommunen i saka er frå 28.03.2023, der det vert stadfesta at klage på vedtak i byggesaka medfører at kommunen avventer innkreving av tvangsmulkt fram til klagen er handsama.

Klagerett og klagefrist

Klagar er tiltakshavar og er part i saka. Part i saka har klagerett.

Klagefristen er tre veker frå det tidspunktet underretning om vedtaket har komme frem til parten, eller frå det tidspunktet parten fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket, jf. forvaltningsloven (fvl.) § 29 første ledd.

Klagefristen for vedtaka var 3 veker rekna frå utsending den 16.03.2022 til 06.04.2022. Klagen er mottatt den 08.02.2023 og etter at ordinær klagefrist er gått ut, men innanfor den absolutte 1 års fristen etter at vedtak er truffet for å kunne fremje klage, jf. fvl. § 31 tredje ledd.

Det følgjer av fvl § 31 at *«selv om klageren har oversittet klagefristen, kan klagen tas under behandling såframt*

a) parten eller hans fullmektig ikke kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd med klage etterpå, eller

b) det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd.»

Om oppreisning (klagen tas til behandling selv om det er klaget for sent) skal gis beror på ein konkret heilskapleg vurdering. Spørsmålet er om det ligg fører «særlige grunnen» til at klagen vert fremma, jf. fvl. § 31 første ledd bokstav b).

Etter sin ordlyd, så vil særlege grunnar vere grunnar som særskilt gjer seg gjeldande i den konkrete saka og som etter omstenda bør vektleggast.

Det er i vår sak vist til at det har vore problem med samarbeid intern i høve ivaretaking og realisasjon av eigedomens interesser som har gjort at det ikkje har vore fremja klage på vedtaka innan rett tid. Klagar har no overtatt ansvaret for eigedomen. Dei omsøkte tiltaka som ønskes legalisert er opplyst å vere viktige for eigedomen. Dette talar for å gje oppreisning for oversitta klagefrist.

Samtidig må oppreisning av klagefrist vurderast opp mot skade og ulempe for andre, jf. fvl. § 31 andre ledd. Kommunen viser til at dei omsøkte tiltaka som ønskes legalisert er irreversible. Vidare er det klagar som sjølv er ansvarleg for den økonomiske risikoen ved å eventuelt måtte rette tiltaket etter endra vedtak i klagebehandlninga. Det er også gjeve fritak for nabovarsling av kommunen slik at det er vurdert at naboars interesser ikkje vert råka av tiltaka.

Etter dette ligg det føre «særlige grunnen» til at klagen vert fremma, jf. fvl. § 31 første ledd bokstav b).

På denne bakgrunn gis det oppreisning for oversitta klagefrist.

Avgjerda, om gi ei klage oppreisning for oversitta klagefrist, er ei prosessuell avgjerd. Det er ikkje klagerett på denne avgjerda då avgjerda ikkje er eit enkeltvedtak etter fvl. §28 første ledd, jf. § 2 bokstav b).

Behandling av klage

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Kommunen vil vurdere klagen viss vilkåra for klagebehandling er oppfylt.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen, jf. forvaltningslova § 33. Dersom administrasjonen opprettheldt vedtaket, vert klagen handsama av Utval for areal, plan og miljø (APM) i møte den 07.06.2023. Møtet vert halde på Region Nordhordland Helsehus (RNH), Kvassnesvegen 40, 5914 Isdalstø. Møtet vert streama på Alver kommune TV. Meir informasjon om politiske møte ligg på Alver kommune si heimeside, sjå [her](#).

Handsaminga i Utval for areal, plan og miljø kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthaldt av Utval for areal, plan og miljø, vert klagen sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgivear

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Solholmen Invest AS

Blombakken 1

5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Solholmen Invest AS

Blombakken 1

5911

ALVERSUND